



BYKLE KYRKJEBYGD
MOGLEGHEITSSTUDIE

19. JUNI 2025

DRONNINGALANDSKAP

Denne rapporten er utarbeida av Dronninga landskap for Bykle kommune.

Arbeidet har foregått i perioden 1. februar – 19. juni 2026.

Alle foto og illustrasjonar er utarbeida av Dronninga landskap dersom ikkje anna er nemnt.



DRONNINGALANDSKAP

OPPGÅVA

*Moglegheitsstudie for Bykle kyrkjebygd skal vise forslag til korleis ein kan utvikle eit **konsentrert og attraktivt** sentrum i Bykle, med moglegheit for å styrke staden som ein buplass, arbeidsstad, næringsliv og destinasjon bygd på lokale fortrinn.*

Innleiingsvis var det også spørsmål om mogleg lokalisering av eit kraftvitensenter i Bykle. Ulike lokaliseringar har vore drøfta undervegs i dette arbeidet. Sidan innhald, funksjon og storleik er uavklart, er det rett og slett for tidleg å konkludere med ein gjett plassering.

Kommunens ambisjon med prosjektet er å få til ein berekraftig stadutvikling, og å operasjonalisere berekraftsmåla i ein småkommune-kontekst. Det vil seie å utforme ein strategi med ein tilhøyrande handlingsplan, der ein skal kome fram til tiltak og grep som ein skal arbeide etter fram mot 2030.




ANALYSEGRENSE

Illustrasjonen viser avgrensning av analyseområdet frå konkurransegrunnlaget. Dette er vegleiande og tenkt som ein ytre ramme for vurderingane som blir gjort.

Sjølve moglegheitsstudien er avgrensa til det ein meiner skal bli eit tettare sentrumsområde.

Bykle må satse på eit gangvenleg sentrum, og då må ein ikkje tenkje for stort eller vidt: Eit gangvenleg sentrum blir ofte rekna som 5-minuttarsbyen, det vil seie innanfor ein radius på om lag 300 m. Sjå gul sirkel på illustrasjonen, dersom passarpissen er plassert i krysset Sarvsvegen - Setesdalsvegen.



FRÅ OPPSTARTSSEMINARET


I prosjektutviklinga har det vore gjennomført seminar med ei arbeidsgruppe organisert av kommunen. I tillegg til oppstartsseminaret har det vore gjennomført eit seminar for presentasjon av foreløpige skisser.

Nedanfor har vi oppsummert dei viktigaste tema som kom opp på oppstartsseminaret 3. februar. Fleire av temaene har blitt følgd opp gjennom det vidare prosjektarbeidet.


- **DEFINERE OG UTVIKLE SENTRUM**
 - FLEIRE NÆRINGS- OG BUSTADBYGG
 - MØTEPLOSSAR – OGSÅ FOR UNGDOM OG BARNEFAMILIAR
 - FÅ GJENNOMREISANDE TIL Å STOPPE
 - KURS OG KONFERANSEENTER
 - KRAFTSENTER
 - FLEIRBRUKSHALL
 - OFFENTLEG TOALETT
 - LEIRSKULE
 - BUBILCAMP
- **FRAMHEVE LANDSKAPET – KULTUR OG NATUR**
 - GANGVEGAR TILKNYTTA SENTRUM
 - KULTURLANDSKAPET
 - KULTURMINNA. KULTURVANDRING?
 - NATUR OG TURTILBOD - VANDREVEGAR
 - KVENNHUSBEBKENN
 - BINDE SAMMEN SARVSNETTEN INDUSTRIOMRÅDE (SØR) MED SENTRUM (NORD) – PÅ TVERS AV SETESDALSVEGEN (RV9)



HISTORISK TILBAKEBLIKK




2020



1975

Ved å samanlikne historiske og nye flyfoto ser ein korleis landskapet har endra seg. Ovanfor er det flyfoto frå 2020 og 1975. Bykle har tydeleg endra karakter på desse åra ved at det har blitt meir utbygd og fleire vegar. Otra har blitt demt opp og industriområdet ved Sarvsnetten har medført endring av landskapet. Setesdalsvegen har òg vorte meir dominerande og fått eit endra løp.

HISTORISK TILBAKEBLIKK



Bykle kyrkje ca. 1900. Foto: postkort: Normann

Fotoet over frå rundt år 1900 viser eit kulturprega landskap med steingardar og heller sparsamt med høgare vegetasjon rundt Bykle gamle kyrkje.



Foto: Google.com

Fotoet over, rundt 120 år seinare, viser eit frodigare landskap.

LANDSKAPSFORSTÅING

Bykle ligg i Setesdalen, eit langstrekt dalføre med dramatisk landskap, som akkurat ved Bykle gjer eit topografisk krumspring. Dette gjer at tettstaden Bykle skil seg ut frå dei andre tettstadene i Setesdalen.



LANDSKAPSFORSTÅING

Den busette delen av Bykle ligg i ei sørvendt li, på ei hylle eller flate i landskapet. Busetninga er omkransa av frodig natur og skogkledde lier.

Nedst i dalen ligg Otra som gjennom tida har gravd seg ned i eit juv.




SARVSFOSEN OG OTRA

Sarvsfossen, eit tidlegare av Otras største fossefall aust for Bykle kyrkjebygd, er i dag vanlegvis tørrlagd etter reguleringar der vatnet vert leia i tunnel til Botsvatn (Brokke II-utbygginga 1974–1977).

I 2014 vart elva demd opp med den 50 meter høge betongdammen Sarvsfoss.

Éin gong i året vert lukene i dammen opna slik at vatnet renn over damkrona, og Sarvsfossen vert midlertidig vekt til live att med den opphavlege krafta si.




Åpne luker den 30.
september 2017.
Foto: Geir Daasvatn



SARVSFOSEN

Prinsippsnittet viser det dramatiske landskapet ved Sarvsnetten der Otra har gravd seg djupt ned i fjellet.

Frå utsiktspunktet på austsida av juvet, kan ein sjå ned mot dalbotn og demninga. Ein får likevel ikkje så godt inntrykk av det dramatiske juvet derifrå.




SARVSFOSEN OG OTRA – Store kvalitetar

Sarvsfossen og Otra byr på store og unike naturkvalitetar, som gjer at Bykle skil seg ut i nasjonal sammenheng.

Det bør leggast opp til gode gang- og sykkelinjer mellom Bykle sentrum og Otra/Sarvsfossen, slik at desse to områda opplevast meir i sammenheng.


Industriområdet ved Sarvsnetten har eit utflytande og rotete preg. Ved enkle, oppstrammende grep kan området framstå meir oversiktleg og attraktivt.



GRØNSTRUKTUR

Bykle har variert vegetasjon prega av skogkledder ller med ei blanding av bar- og lauvskog.

Det ligg òg ein del dyrka mark i Bykle, noko som framhevar det kulturhistoriske landskapet som har vore skjøtt i mange generasjonar, og som er karakteristisk for Bykle.



GRØNSTRUKTUR – SJELDSYNTE ARTAR

Det er registrert fleire trua og verneverdige artar i Bykle, i samanheng med den dyrka marka. Dette er artar som er sårbare for endringar i bruken av marka, og dei bør prioriterast og takast vare på.

Solblom (*Arnica montana*) er eit symbol på slåttemark i tradisjonell drift og trivst best på ugjødsle enger med sur jord. Ho er ein vill og sjeldan art i Noreg, og veks oftast der menneske har brukt landskapet over lang tid. Solblom krev ljøs og opne forhold, og forsvinn fort ved attgroing. Planta er rekna som sårbar og treng aktiv skjøtting for å overleve.

Søstermarihand (*Dactylorhiza sambucina*) er ein sårbar orkidé som trivst i ugjødsle slåtte- og beitemark og er knytt til gamal kulturmark. Ho blømer tidleg om våren og lokkar til seg insekt utan å gje dei nektar – eit finjustert samspel som gjer pollineringa mogleg. Arten er lyskrevjande og forsvinn lett når slåttemarka gror att eller blir gjødsle, og er derfor avhengig av god skjøtting. Søstermarihand er freda og står på Norsk raudliste som sårbar, og er ein viktig del av både naturmangfaldet og kulturarven vår.

Solblom og søstermarihand er registrert i enkelte slåttemarker i Bykle.



Solblom



Slåttemark i Bykle. Foto: Geir Daasvatn



Slåttemark med Søstermarihand i Hjartdal i Telemark. Foto: Oscar Puschmann

GRØNSTRUKTUREN I SENTRUM

Bykle sentrum framstår som grønt med variasjon i vegetasjonspreget.

Dei offentlege grøntområda som pregar området mellom dei offentlege institusjonane, består i hovudsak av plen. Desse områda burde vore meir frodige og varierte, det vil seie med ulike buskar og trær i tillegg til benkar.

I tillegg finst det skogkledd kollar og høgder inniblant, der ein finn furuskog og lyng. Desse kollane bidreg til å gje området eit preg av nærleiken til naturen. Dei skaper variasjon og rom i landskapsbiletet.

Det ligg òg ein del dyrka mark i og tett på sentrum, og som framhevar kulturhistoria i Bykle.




BLÅSTRUKTUR

Blåstruktur omfattar alt som er knytta til vatn. Vatnet gjev landskapet ein logikk, sidan det viser til ytterpunkta som lågpunkta og daldraga.

Vatnet er eit viktig naturelement i Bykle, særleg Otra.

I sentrum finst det fleire mindre bekkar som har spela ei viktig rolle.

Kvernbekken og Stedjebekken eller Krobekken er dei største bekkane i sentrum. Desse bekkane er delvis lagde i røyr, og er i dag litt vanskeleg tilgjengelege.



BLÅSTRUKTUR - STEDJEBEKKEN OG KVERNBEKKEN

Stedjebekken renn gjennom sentrum av Bykle, forbi Helsehuset, kommunehuset og vidare rett vest for Bykle skule. I dette området ligg bekken ligg i røyr, slik at ein går glipp av alle dei kvalitetane som vatnet bringar med seg. Aust for Setesdalsvegen heiter bekken Krobekken.

Området Kvernbekken renn gjennom er i dag nokså utilgjengeleg og lite synleg i landskapet, mellom anna fordi han er gjengrodd av vegetasjon fleire stader.

Kvernbekken har ein kulturhistorisk verdi og bør kome meir fram i dagen.



Kvernbekken er lite synleg, sjølv om han renn gjennom sentrum.



Stedjebekken i mai 2025.




Stedjebekken med sno i februar 2025.

KULTURMILJØ – KULTURMINNE

Bykle har mange kulturminne og eit rikt kulturmiljø, med fleire gamle bygningar heilt inn i sentrum.

Dei gamle ferdselsvegane mellom desse tilhøyrer kulturlandskapet og har høg verdi.



KULTURMILJØ – KULTURMINNE

Gamle Bykle kyrkje er ei frede kyrkje frå 1600-talet med rik dekor og lang historie.

Huldreheimen er eit kulturhistorisk tun som viser korleis folk levde i fjellbygda før i tida.

Listestog er ei samling av fleire gamle lafta bygningar som formidlar eldre byggeskikk.

Bykletunet – ei nyetablert samling gamle bygg ved Bykle hotell. Dette er ekte bærekraftig byggeri av ombrukte og kortreiste material.



Huldreheimen



Gamle lafta bygg blir sett opp ved Bykle hotell – dette blir Bykletunet.



Listestog.



Gamle hus nedanfor Huldreheimen.



Gamle Bykle kyrkje.


SENTRUMSFUNKSJONAR

Bykle sentrum er i dag spreidd over eit litt for stort område til å kunne framstå som gangvenleg:

Sentrale funksjonar som skule, barnehage, idrettsbygg, helse/omsorgsbygg, hotell og bensinstasjon ligg i den nordvestlege delen, mens kyrkje og daglegvarebutikk er plasserte lenger sørvest. Setesdalsvegen går gjennom sentrum og har ei fartsgrense som er høg i forhold til dei sentrumsnære funksjonane. Det er lite tilrettelagt for gåande og syklende på denne strekningen.

Den spreidde strukturen gjer det vanskeleg å oppleve sentrum som éin samla stad, og det er lite samheng mellom funksjonane. Dette kan redusere både tilgangen og opplevd identitet av sentrum som ei lita bygd.

Setesdalsvegen fungerer i tillegg som ei barriere for mjuke trafikantar, utan samanhengande gangveg, og gjer det utfordrande og utrygt å ferdast mellom dei ulike delane av sentrum.




SENTRUMSFUNKSJONAR

Bykle bør satse på eitt gangvenleg sentrum, det vil seie innanfor ein radius på om lag 300 m.

Innanfor dette området bør det leggst opp til sentrumsfunksjonar og gode møteplassar der folk kan møte kvarandre.



Krysset ved Sarvsvegen bør vere utgangspunkt for sentrumsområdet i Bykle.



Den raude sirkelen viser kva som ligg innanfor ein radius på 300 meter frå krysset ved Sarvsvegen.

BILVEGAR OG GANGVEGAR

Utfordringar:

Trafikksituasjonen i Bykle sentrum er lite tilrettelagd for mjuke trafikantar. Setesdalsvegen har fartsgrænse 80 km/t gjennom sentrum, og vegen framstår som farleg både å ferdast langs og å krysse. Det manglar trygge, samanhengande løysingar for gåande og syklande, noko som gjer området lite tilgjengeleg og utrygt, spesielt for born, eldre og andre med behov for god tilrettelegging.



Fotoet viser ein person som går langs Setesdalsvegen – dette opplevast både farleg og lite attraktivt.




Mykje plass til bil, lite plass til folk utan bil (sjå bilda over og under).



MÅL: BYKLE SKAL BLI MEIR BYKLE

Ved å spele på dei kvalitetane som er på staden og framheve desse, vil Bykle kunne stige i attraksjonsverdi. Kvalitetane er fleirdimensjonelle – dei ligg i landskapet og naturen omkring, bygningsstrukturen og byggeskikken, kulturlandskapet og ikkje minst menneska som bur her.

Ved å framdyrke det som allereie er her, vil Bykle bli endå meir attraktiv, både for fastbuande og tilreisande.



OVERORDNA PLANFORSLAG

OPNE BEKKANE I SENTRUM

NYE KULTURVANDRINGAR - GANGVEGAR

EITT TYDELEG SENTRUM KNYTTA TIL KRYSSSET

FORTETTING + MØTEPLASSAR VED KRYSSSET

NYE GANG- OG SYKKELVEGAR LANGS + OVER SETESDALSVEGEN

OPPRYDDING/OPPST RAMMING I INDUSTRIOMRÅDET

NYE FORBINDELSAR OG OPPLEVINGAR VED SARVSFOSSEN OG OTRA




FORSLAG TIL NYTT SENTRUM VED SETESDALSVEGEN

Eit oppstramma kryss langs Setesdalsvegen, sammen med nye bygg, vil bidra til å tydeleggjere og styrkje sentrumskjernen.


Det må jobbast for å senke fartsgrensa på strekningen forbi sentrum for å betre trafikksituasjonen.



FORTETTING RUNDT KRYSSSET - LANDSKAPSSNITT




«NYE» BYKLE SENTRUM



Illustrasjonen viser forslag til eit fullt utbygd Bykle sentrum, knytta til dagens kryss ved Setesdalsvegen. Nye bygningar er lagt inn i – og tilpassa terrenget på staden med minst mogleg inngrep. Nye gang- og sykkelveggar gjer det enklare og meir attraktivt å kome seg rundt utan bil. Ein gjennomgåande struktur knytter sentrum saman med dei grønne omgjevnadene og kulturlandskapet rundt.

NYE GANG- OG SYKKELVEGAR LANGS OG OVER RV9 KULTURVANDRINGAR


Nye gang- og sykkelveggar
gjer det enklare og meir
attraktivt å kome seg
rundt utan bil.
Nye stiar langs opne
bekkedrag vil bli nye
snarveggar samt opne for
nye kulturvandringar.



NYTT AKTIVITETSKART

Nye stiar langs opne bekke drag vil bli nye snarvegar samt opne for nye kulturvandringar.

Nye stiar kan knyttast til eksisterande gangvegar slik at det blir eit nettverk av gangvenlege vegar og stiar.



NY JUVVANDRING

OPNE BEKKANE I SENTRUM KULTURVANDRINGAR - SNARVEGAR

Frå sentrum til Helsehuset kan det bli eit nytt parkdrag langs Stedjebekken som kan vere meir identitetsskapande enn dagens plenareal.

OPNING AV
STEDJEBEKKEN

TILRETTELAGT STI
(KULTURVANDRING)

BENK

FLEIRE
BUSKAR/TRE



PLAN FOR NYTT PARKDRAG LANGS OPNING AV STEDJEBEKKEN

KULTURMILJØ – VIDEREUTVIKLING AV KULTURHISTORISKE BYGG OG KULTURHISTORIE

Fleire av dei gamle bygningane i Bykle har potensial for vidare utvikling til ulike typar næringsverksemd eller arrangement. Slik bruk kan bidra til å løfte fram og vidareutvikle den lokale kulturhistoria. Dette vil kunne tiltrekke både folk og aktivitet til Bykle sentrum, og vere eit positivt tilskot til lokalsamfunnet. Eit døme på korleis dette kan gjennomførast, finn vi på Mjonøy i Vinje. Der er det etablert ein bakaromn med sjølvbetent utsal av bakevarer, og dei gamle bygningane vert nytta til overnatting. Ei liknande løysing i Bykle kan styrkje både den kulturelle verdien og lokal næringsutvikling.



Vandring langs kulpar og vakre fossefall frå idylliske Mjonøy til Henrik Sørensens biletgalleri (alle foto frå google.no).

OPPRYDDING/OPPSTRAMMING PÅ INDUSTRIOMRÅDET

Industriområdet ved Sarvsnetten har eit utflytande og rotete preg. Ved enkle grep kan området strammast litt meir opp, slik at det framstår meir oversiktleg og attraktivt. Dette kan gjerast ved til dømes meir definerte «gater», eller med bruk av vegetasjon. Delar av dette området kan også fungere som bubilparkering.


Ny juvvandring

Plassering av bubil-camping?



NYE FORBINDELSAR TIL SARVSFOSSEN, DAMMEN OG OTRA

For å styrkje samanhengen mellom sentrum og områda på andre sida av Setesdalsvegen – som Otra, demninga, Sarvsfossen og Sarvsnetten – foreslår vi fleire nye gang- og sykkellinjer. Desse skal betre tilgangen til friluftsområde og landskapskvalitetar i nærområdet, og samtidig bidra til å knyte Bykle tettare saman som ein heilskap.




JUVVANDRING

Ein bordgang kan etablerast rundt Sarvsnetten, frå demninga og heile vegen rundt, før han koplpar seg vidare til ein sti inn mot Bykle sentrum. Konstruksjonen kan festast utanpå fjellet, noko som reduserer behovet for inngrep i terrenget. Tiltaket er dermed også fullt reversibelt.

Litt avhengig av materialbruk og plassering kan tiltaket vera tilnærma usynleg i landskapet på avstand, medan det framstår meir tydeleg når ein kjem nærare. Dette gjer det mogleg å tilpasse bordgangen til både landskapsestetiske og opplevingsbaserte omsyn.



NY JUVVANDRING



JUVVANDRING - REFERANSER



Bordgang ved Fjordarvmuseet i Geiranger. Her er konstruksjonen utført i metall, noko som gir ei varig og vedlikehaldsvenleg løysing. Bruk av rister enkelte stader langs gangbanen skaper ein ekstra opplevingsdimensjon for brukarane.



Treppvegen i Fyresdal har utvikla seg til eit attraktivt reisemål. Kombinasjonen av fysisk aktivitet, utsiktspunkt og sterke naturopplevingar har gjort anlegget populært blant besøkande.

JUVVANDRING - REFERANSER



Paiva walkway i Portugal er ein god referanse på korleis den djupe dalen langs Otra kan gjerast tilgjengeleg på ein måte som inviterer til bruk.



Ein trappesti kan gå ned til Otra, slik som vist her i Paiva.



Ein bordgang kan gå rundt Sarvsnetten og binde sentrum saman med Otra på ein spennande måte. Bordgangen kan festast på den bratte fjellsida, slik som vist her i Paiva.

JUVVANDRING - REFERANSER

Den 50 meter lange Stålbrua ved innfallsport til Jotunheimen nasjonalpark ved Sognefjellshytta viser eit minimalistisk inngrep som gjev tilgang til alle utan store og krevjande landskapsinngrep.



Biletet viser stålbrua over Fantesteinsvatnet ved Sognefjellshytta, Lom kommune. Den 50 meter lange hengebrua har ingen søyler. Den 2 cm tykke gangbanen blir nesten usynleg mot det store landskapet i bakgrunnen. Brua er teikna av DIFK Florian Kosche i samarbeid med Dronninga landskap.

JUVVANDRING – REFERANSER UTKIKKSPUNKT




Utsiktspunktet ved Vettisfossen er tilnærma usynleg frå avstand, takka vere ei varsam plassering i terrenget og materialbruk som harmonerer med den naturlege omgjevnaden. Dette viser korleis god tilpassing til landskapet kan gje sterke opplevingar utan å dominere visuelt.



Stålrister gjer det mogleg å sjå «rett gjennom» og ned til terrenget under føtene. Samstundes let ristene små mengder snø falle gjennom, noko som bidreg til redusert snøopphoping på gangarealet.



Utsiktspunktet ved Vettisfossen er av cortenstål og heng utover den rasutsette juvkanten. Prosjektet er utforma av Dronninga landskap i samarbeid med DIFK.



Utsiktspunktet langs fossevandringa i Geiranger er utført i metall, og framstår med enkle og lite ruvande konstruksjonar.

JUVVANDRING – REFERANSER



Caminito del Rey, også kjent som Kongevegen i Spania, er delvis utforma som gangbanar festa til bratte fjellsider og følgjer ei djup kløft, med minimal terrenginngrep. Dette er eit døme på korleis friluftsinfrastruktur kan integrerast i krevjande landskap på ein trygg og opplevingsrik måte. Ruta vart opphavleg bygd tidleg på 1900-talet som serviceveg for kraftverksarbeidarar, og var lenge kjend som ein av verdas fartegaste stiar før ho vart restaurert i 2015.



Flørlitrappe i Lysefjorden er eit godt døme på korleis eksisterande teknisk infrastruktur kan gjevast ny bruk og verdi som attraksjon for friluftsliv og turisme. Trappa, som opphavleg vart bygd som ein del av anlegget for kraftproduksjon, består av 4444 trinn og er den lengste tretrappa i verda. Ho slyngjer seg oppover fjellsida i eit dramatisk landskap, og gir både fysisk utfordring og sterke naturopplevingar.

BYGGESKIKK


TILPASSING TIL LANDSKAPET

Nye bygg i Bykle bør ha arkitektoniske grep som tek omsyn til både landskapet og den bygde konteksten. Bygg må tilpassast terrenget, slik at inngrep i landskapet vert minimale, og at bygga harmonerer med dei naturgjevne formene og høgdeskilnaden på staden.

Fasadar og den overordna arkitektoniske utforminga skal spegle dei lokale tradisjonane og passe inn i omgjevnadene, samstundes som det bør vere rom for nyskaping i kombinasjon med eldre strukturar.



Bruk av terrengmurar er vanleg for å tilpasse bygga til det bratte terrenget i Bykle.



Peter Zumthor er ein sveitsisk arkitekt som har utforska møte mellom tradisjonell byggeskikk og moderne arkitektur. Galagun House 1994, i Sveits, er eit godt døme på tilpassing mellom nytt og gammalt og til det bratte landskapet.

TILPASSING TIL BRATT TERRENG

Dei store, flotte stabbura er typisk for byggeskikken i øvre delar av Setesdal og Telemark – også i Bykle. Typisk for stabbura er at dei i bratt terreng oftast er vend med gavlen mot dalsida. Dette inneber ei høg fasade mot dalen.

For nye bygg i bratt terreng kan det være aktuelt å vidareføre denne tradisjonen. Når gavlveggen vender mot dalsida kan terrengskilnaden utnyttast til fleire inn- og utgangar i møtet med terrenget.

Døme frå Sveits (under) viser korleis den arkitektoniske utforminga kan spegle lokale tradisjonar og passe inn i omgjevnadene, samstundes som det er rom for nyskaping i kombinasjon med eldre strukturar.




Diagram viser prinsipp for møte mellom bratt terreng og bygg med dalvendt gavl.



I Sveits finst det mange døme på nytolking av dalvendte gavlar i samspel med lokale tradisjonar. Frå Leis, Vals i Sveits. Arkitekt: Peter Zumthor 2009.

TUN

Ved plassering av fleire bygg kan dei byggast som tun, slik at ein får samla bygningane, samtidig som ein skapar sosiale møteplassar utanfor bygga. I rekkjetun, som er naturleg i område med bratt terreng, kan ei slik organisering gje både klimatiske, funksjonelle og estetiske fordelar.



Eitt av dei fine tuna i Bykle.



Inspirasjon til gruppering av bygg rundt tun. Bileta er henta frå Midtgarden ved Totak, Søndre Mo i Rauland, Nordheim-Autbøvegen i Rauland og Nordigard ved Hylland - alle i Vinje kommune.

MØTE MELLOM NYTT OG GAMALT

Det er spesielt viktig at utforminga tilpassast både i skala og takform. Store volum bør brytast ned i mindre på ein slik måte at det harmonerer med identiteten og skalaen i området.

Der det er ambisjonar om eit moderne arkitektonisk uttrykk, kan det vere aktuelt med knappe detaljar, som til dømes gavlvegg utan takutstikk.

Takforma bør artikulera styeleg, og tilpassast lokal skala og byggeskikk.



Døme på artikulering i møte mellom nytt og gammalt, utvendig og innvendig. Frå Rindal skimuseum, arkitekt Pir II



Døme på takformer, møte mellom tradisjonell takform med utstikk og moderne arkitektonisk uttrykk med minimalt beslag på toppen av gavlveggen. Frå Rindal skimuseum, arkitekt Pir II

ARKITEKTONISK UTRYKK

Fasader og den overordna arkitektoniske utforminga skal spegle lokale tradisjonar og passe inn i omgjevnadene, samstundes som det er rom for nyskaping i kombinasjon med eldre strukturar. Gjennom finstemt artikulering i møtet mellom nytt og gammalt oppstår det nye arkitektoniske uttrykk.



Døme på møte mellom tradisjonell byggeskikk og moderne arkitektonisk uttrykk. Rindal skmuseum, arkitekt Pir II

SKALA

Det bør leggast til rette for enkle bygningsvolum og bruk av samansette strukturar med fleire mindre einingar framfor store og dominerande bygg. Slik oppdeling bidreg til å dempe visuell tyngde og skape meir menneskelege og tilpassa strukturar.

TAKFORMER

Nye bygg bør vidareføre tradisjonelle takformer som er vanlege i området. Tak skal vere tilpassa den dominante takformen på dei omkringliggande bygga og bidra til ein balansert og heilskapleg bygningsmasse. Det er spesielt viktig at utforminga tilpassast både i skala og takform. Store volum brytas ned i mindre volum på en slik måte at det harmonerer med stadens identitet og typiske skala. Takutstikk bør nyttast der det er hensiktsmessig, både for å verne fasadane mot ver og vind, og for å framheve takets form. Det arkitektoniske uttrykket bør artikulera med tydelige motiv.

FUNDAMENT

Bygg bør plasserast med respekt for terrenget. Grunnmurar kan med fordel nyttast til å ta opp høgdeforskjellar og forme terrassar og overgangar mellom bygning og landskap, slik at inngrepa vert integrerte og terrenget vert bevart mest mogleg.

FASADER

Det bør nyttast naturbaserte og lokale material med høg kvalitet, og særleg treverk bør prioriterast som fasademateriale. Variasjon i fargebruk, format og overflatestruktur kan gje bygga karakter, samstundes som det gjev ein samanheng med tradisjonell byggeskikk.

NY BYGGESKIKKRETTLEIAR



Utforminga av nye bygg i Bykle bør ta utgangspunkt i lokal byggeskikk og materialbruk, med vekt på naturlege og stadstilpassa løysingar. Det bør nyttast ein fargepalett som harmonerer med omgjevnadene, og det eksisterande fargeprogrammet for Bykle bør leggast til grunn for å sikre ein visuell samanheng i bygda. Det bør utarbeidast ein oppdatert byggeskikkrettleiar som kan gje konkrete og praksisnære føringar for ny arkitektur i Bykle, og samtidig ivareta og forsterke dei kulturelle og stadsprege kvalitetane i området.



Døme på takformer, materialbruk og fundament, Bykle.



Døme på takformer.



Døme på harmonisk fargeval, frå Århusjordet i Fyresdal. Arkitema/Dronninga landskap

«NYE» BYKLE SENTRUM

